



# ÅRSMELDING 2020

---

## ÅRSMELDING


### IL JOTUN ALLIDRETT

*for perioden*

*1. januar 2020 til 31. desember 2020*

---

## PÅ VEG MOT HUNDRE!





## 1. Styret sin samansetning

- Leiar: Marianne Sundal
- Økonomi: Marianne Sundal
- Øvrige styrerepresentantar: May Lisbeth Midtun, Kristin Lundeberg, Kristiane Seim, Linn Theres Kristiansen

## 2. Grupper – utval - komitear - representasjon

- Det er ingen spesielle utval/komitear i allidretten.

## 3. Møter

- Tal på styremøter i gruppa: 1
- Elles har det føregått mykje informasjon og fordeling av arbeidsoppgåver via lukka gruppe på Messenger.

## 4. Saker

- Me jobbar heile tida for at ungene skal ha eit godt og variert tilbod. I år som i fjor har me fokusert på at aktivitetane i allidretten skal vere knytt opp til dei ulike særgruppene i idrettslaget. Me har eit godt samarbeid med særgruppene som tilbyr ulike aktivitetar til ungene. I år har me hatt hjelp frå skigruppa, turngruppa og friidrettsgruppa. I tillegg har me blitt tilbudt samarbeid med Bulder & Brak Opplevingar og Barnas Turlag Årdal. Gruppene blir kontakta før aktivitetsplanen blir lagt, der dei får komme med ynskjer om kva dagar dei kan vere med. Dei er velkomne til å delta på så mange økter dei sjølv ynskjer.

Aktivitetsplan var laga for heile året, men 12.mars blei alt stengt ned på grunn av covid-19. Det blei ikkje noko meir allidrett før til hausten. Me fekk laga til ein smittevernplan som blei godkjent av kommunen, og me fekk starta opp trening frå 13.oktober. For å få alt til å gå opp i forhold til smittevernreglane, fekk me utvida allidrettstiden med ein time på torsdagane. Da fekk me to timar trening tysdagar og to timar torsdagar. Planen blei laga utan bading då bassenget var stengt.

1. og 3. klasse fekk trening på tysdagar og 2. og 4. klasse på torsdagar. På denne måten fekk alle klassane ein time med allidrett i veka.

Det kom enda strengare reglar med tal personar inne i hallen ved trening. Me måtte difor avgrense tal foreldre på tribuna under trening, som har gått kjempefint. Alle ungar og vaksne har vore veldig flinke til å ta omsyn til smittevernreglar. Kjekke treningstimar med ungene.

Vaflekafeen måtte me stenge av same covid-19 reglar, og den kom ikkje opp igjen i løpet av året.

Turngruppa hadde éi økt med kvar av klassetrinna i vår og to på hausten. Alle øktene har vore i idrettshallen med instruktørar frå turngruppa. Her har ungene fått prøve seg på ulike turnøvingar med god hjelp og støtte frå turninstruktørane.

Friidrettsgruppa har hatt to økter med kvart av klassetrinna i haust der den eine var ei kjekk ute-økt. Her har øktene blitt lagt opp som stasjonsleik der ungene får prøve ulike aktiviteter relaterte til friidrett, kjempekjekt.



Me rakk to badeøkter på kvart trinn i år før covid-19 stengte ned treningane våre. Me fekk ikkje starte opp igjen med bading til hausten da bassenget var stengt fram til nyttår. Badeøktene var frileik.

Me har avtale med badevakter som er der gjennom alle øktene.

Balleiken blir ikkje organisert av ei særgruppe. Her er det foreldre som har sagt seg villige til å ha ansvar for å lage eit opplegg. Det er dei ansvarlege foreldra som bestemmer kva ballspel som skal utførast.

3. og 4.klasse har hatt tilbod om handball annankvar torsdag som fall vekk etter covid-19. Da måtte me nytte desse torsdagane til vanleg allidrett for at me skulle klare å få trening til alle.

Skigruppa hadde 4 økter i Fardalen i vinter, ei blei avlyst pga dårleg føre. Dette er ein engasjert gjeng med godt innarbeidde rutinar. Dette er den einaste aktiviteten der alle klassetrinna er samla på same tidspunkt. Her blir ungane delte slik at 1. og 2.klasse er for seg og 3. og 4.klasse for seg, slik at ungane får aktivitetar som passar føresetnadene deira.

Bulder & Brak opplevingar var oppsett med ei økt med kvart klassetrinn i bassenget i vår. Her var planen at dei skulle ha med seg kajakkar og ungane får testa ut padling i bassenget. Dessverre blei dette avlyst på grunn av Covid-19. Håpar på meir samarbeid med dei på eit seinare tidspunkt.

Barnas Turlag skulle vere med oss på friluftsdagen vår i april. Dette blei og avlyst.

Elles er det som vanleg arbeid med å lage planar for haust og vår og lage dugnadslister.

Me sørger for at det alltid er vaksne som har ansvar for øktene.

Me har valt å halde fram med sms varsling til dei som har dugnad komande veke. På denne måten sikrar me at det vert nok vaksne som stiller opp.

Dugnadshjelpa i haust har vore å registrere alle som er på trening i forhold til eventuell smittesporing, samt reingjere desinfisere etter kvar gruppe. Dei er ansvarlege for at smittevernreglane blir fulgt.

## 5. Medlemstal

- Frå 1. – 4. klasse er medlemstalet 119 ungar. Det er 6 fleire enn i fjor.

## 6. Særforbund

- Allidretten er ikkje knytt til eit bestemt særforbund.

## 7. Konkurransar – Stemner – Turneringar

- 3. og 4. klasse har fått tilbod om å delta på minihandballturneringar i 2020, men mykje blitt avlyst pga covid-19.

## 9. Økonomi

- Sjå vedlegg

## 10. Anlegg & Utstyr

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Bank
IL Jotun	Jotunhuset, Øvre Årdal		3705.39.43498
Postboks 65	F-Post	Telefaks	Foretaksregisteret

Vår dato  
01.04.21

Vår referanse

- Det er særgruppene som organiserer aktivitetene, så me nyttar deira utstyr. Elles har me kjøpt inn fleire handballar som blir nytta under balleiken.

### 11. Oppgaver i året som kjem

- Arbeide for at ungane framleis får eit godt og variert tilbod gjennom allidretten. Samt følgje opp smittevernreglar som gjeld til ei kvar tid. Best mogleg trening ut frå dei forutsetningane me har.

### 12. Eksterne verv – representasjon

- Grappa har ingen eksterne verv

#### Styret i allidretten

Marianne Sundal    May Lisbeth Midtun    Kristiane Seim

Kristin Lundeberg    Linn Theres Kristiansen

## Resultatregnskap pr 31.12.2020

Idrottslaget Jotun Allidrett

Utarbeidet den 19.03.2021  
av Parata AS  
Alle beløp i NOK

Tekst	Rekneskap hittil i år	Rekneskap hittil i fjor
Salgsinntekter	43 900	52 044
Andre inntekter	9 334	0
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>53 234</b>	<b>52 044</b>
Varekostnader	1 446	21 333
Kostnader lokale	4 320	11 340
Verktøy, inventar	14 945	14 310
Fremmede tjenester	3 825	3 900
Forsikringer, garantier	1 000	1 000
Andre kostnader	438	404
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>25 974</b>	<b>52 286</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>27 260</b>	<b>-242</b>
Finansinntekter	31	72
Finanskostnader	91	0
<b>Netto finansposter</b>	<b>-60</b>	<b>72</b>
<b>Resultat før skatt</b>	<b>27 200</b>	<b>-170</b>
<b>Resultat etter skatt</b>	<b>27 200</b>	<b>-170</b>

